

**Uskedaling har sykla innom alle fylka!****07.07.2006**

Uskedelingen Jan Frank Kristiansen (53) har nådd hovudmålet for si originale sommarferd: Å sykle innom alle fylka i Noreg. Fredag føremiddag var han på veg ned til Alta og hadde då gjort unna 3.300 kilometer på tohjulingen medan distansen frå Lindesnes til Nordkapp er 2.700 kilometer!

Men han stoppar ikkje der. Nordkapp er neste delmål. Endeleg mål er hurtigrutekaia i Vardø på torsdag. Han skal gå om bord 33 dagar etter at han starta turen i Sogn og Fjordane søndag 11. juni.

- Eg er Norges første offisielle fylkessyklist, seier Jan Frank, som er gründer og drivar av pionerbedrifta AFA. Han har hatt tre hjarteinfarkt, men meiner at han ikkje har utsett seg for nokon ekstra helserisiko med denne fantastiske turen.

Ola Matti Mathisen